

LYKLING SOKNERÅD

Årsmelding 2018

Lykling sokneråd si samansetjing i 2018:

Torunn Tveita	leiar
Roald Magne Stautland	nestleiar
Sissel Steinsland Gåsland	kasserar
Margunn Ersland	sekretær
Elisabeth Diane Bjørnevik	styremedlem
Leif Steinar Sakseide	styremedlem
Roald Drønen	styremedlem/sokneprest til 01.10.
Hildegunn Sortland Våge	1.varamedlem, møter fast
Alfhild Hestenes	2.varamedlem, møter fast
Fridleif Lydersen	vikarprest/styremedlem frå 1.10.2018

Andre verv og nemnder:

Representantar til Bømlo kyrkjelege fellesråd

Roald Magne Stautland
Elisabeth Diane Bjørnevik
1.varamann: Sissel S. Gåsland
2.varamann: Leif Steinar Sakseide

Diakonikontakt:

Elisabeth Diane Bjørnevik/ Hildegunn Sortland Våge

Kirkens Nødhjelp - kontakt:

Alfhild Hestenes

Ansvar for kyrkjevertar/forsongarar:

Hildegunn Sortland Våge

Kyrkjemusikkontakt:

Leif Steinar Sakseide

Kyrkjeskys:

Gunhild Pedersen

Konfirmantarbeid/Kimen:

Elisabeth Diane Bjørnevik, våren
Sissel S. Gåsland
Christian Kallevåg-Bjerke

Estlandskomiteen:

Anne Grete Espevik

Lokalt trusopplæringsutval:

Liv Merethe F. Pedersen
Roald Magne Stautland
Torunn Tveita
Sissel Steinsland Gåsland
Arild Selle
Anne Grethe Espevik

Besøkteneste på Bømlo sjukeheim ca ein gong i månaden. Frå Lykling sokn har desse vore med: Liv Sakseide, Gunvor Stautland, Ingebjørg Ersland og Hildegunn Sortland Våge. Anne Marie og Asbjørn Nerland har og vore med dei.

Ansvar for kyrjekaffi: Leif Steinar Sakseide, Emma Løkling, Jane Løkling, Kari Steinsvåg

SOKNERÅDSARBEIDET

- I 2018 har Lykling Sokneråd hatt 9 møte, eit av desse som telefonmøte, og handsama 60 saker.
- Soknerådet har ansvar for budsjett, rekneskap og årsmelding. Dette vart lagt fram og førebels godkjent av soknerådet på møtet 27.02.2018
- Soknerådet har ansvar for tildeling av offer ved gudstenestene.
- Ein del arbeid er gjort i bårehuset, nå kalla servicebygget.
- Soknerådet har samtalt rundt forslaget til «Ny kirkeordning»
- Soknerådet har, saman med soknepresten, ansvar for temakveldane i kyrkja.
- Soknerådet har hatt planane om urnelund og utviding av gravplassen til uttale.
- Soknerådet har vore med og tilsett ny kontor frå 01.01.2019
- Soknerådet har og vore med i prosessen rundt tilsetjing av ny sokneprest.
- Me i soknerådet er svært glade for at trusopplæringstiltaka fungerer så bra.
- Jenny Frimannslund gjer framleis godt arbeid som PC-ansvarleg. Me svært glade for å ha ho der, og for å ha Kathrine Bjørnevik som vikar.

Konfirmantarbeid

- Den 29.april arrangerte me konfirmantfest i Finnås bedehus. Konfirmantforeldre frå 2017 hjelpde til med tilordning, mat og servering.
- Soknerådet har ansvar for miljøtiltak for konfirmantane. Dei har bestemt at dette arbeidet vert arrangert gjennom "Kimen". Det har vore 5 Kimensamlingar gjennom konfirmanttida. Soknerådet har og støtta "Kimen" økonomisk.
- I samarbeid med konfirmantane gjennomførte soknerådet Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon før påske med fint resultat. Dette er ein del av opplegget deira.
- Konfirmantane hadde dette året og ein vellukka tur med "Statsraad Lemkuhl" som innleiing til konfirmantåret.
- Stor takk til Elisabeth Bjørnevik (første halvåret), Sissel Gåsland og Christian Kallevåg-Bjerke som Kimenansvarlege.

TOL- tiltak

- Sjø vedlagt oversikt

Spesielle gudstenester og temakvelder

- Soknerådet hadde medansvar ved gudstenesta i Moster Amfi i pinsehelga.
- 17.juni arrangerte me friluftsgudsteneste i Helvik i samarbeid med Sverre Leon Larsen og turlaget. Høgtideleg med dåp og fint pynta grindabygg.
- Me hadde ansvar for Kanaldagsgudstenesta 02. september. Soknerådet har utfordra den nye kantoren til å gjera litt ekstra utav denne gudstenesta. Kva med jazz/gospelgudsteneste?
- Godt samarbeid med Våge skule om adventsgudsteneste 05.12.
- Fine temakvelder både vår og haust. «Ønskekonserter» 23.01.Kantor Joatein Molde var ansvarleg, og deltakarane kunne velja seg ein salme dei var glad i, - og gjerne fortelja kvifor denne salmen betydde noko for dei. 20.03. var temakvelden med Jan Erik Larsen. Denne var lagt til Bremnes kyrkje.
- 20.09. var det samtalekveld mellom Kristian Eidesvik og sokneprest Roald Drønen.
- Felles samling for 50-årsjubilantane i Lykling og Bremnes.

Song og musikk:

Ordninga med forsongargrupper har fungert litt vekslande, og me ville gjerne hatt fleire med oss.

Kantoren vår, Jostein Molde, hadde ei god hand om "Påskesong" palmesundag, song/salmekveldar og "Vi syng jula inn".

Musikkarrangement:

- «Ønskekonserten» 31.01. var svært vellukka og kan gjerne gjentakast.
- Påskesongen palmesundag vart gjennomført etter same opplegg som før.
- «Me syng jula inn» 09.desember med skulekorpset og solistar på ulike instrument, Lydius, soloinnslag, gruppe frå Bømlo Folkehøgskule og postludium ved Rebekka Pedersen.

Takk til Hildegunn som har ansvar for å planta i urna ved minnelunden og ved inngangen.

Investeringsønske for 2015-2018.

- Oppgradering av servicebygget er nå fullført.
- Fiksa vassposten, oppgradera miljøstasjonen og oppfylling av gravplassen er nå større prosjekt som står igjen, men som straks skal begynnast på.

Økonomi: Det vert vist til rekneskapen.

Statistikk utarbeidd av soknepresten ligg ved.

Soknerådet vil takka alle trufaste medarbeidarar for innsatsen i 2018.

Torunn Tveita, leiar

Sissel Steinsland Gåsland, kasserar

Margunn Ersland, sekretær

Soknepresten sin årsrapport for Lykling sokn for 2018.

Dåpstala har meir enn dobla seg i forhold til i fjor.

Dette året har det vore 30 gudstenester totalt i soknet.

Frammøte til gudstenester viser har vore relativt stabilt dei siste tre åra. Det totale frammøte har ikkje økt så veldig mykje sjølv om det blei døypt meir enn dobbelt så mange som i 2017.

Oppmøte til gudstenester på søn- og helgedagar er 75 i snitt.

Nattverdsdeltakinga har gått litt ned.

Det var 10 gravferder i soknet dette året. Det er godt oppmøte ved gravferd. 94 i snitt.

Trusopplæringa går sin gong. Den bidreg positiv til å byggja kyrkjelyden.

Jostein Molde har avslutta si teneste som kantor, og Roald Drønen har avslutta si teneste som sokneprest.

Fríðleif Lydersen fungerer som sokneprest.

Ei stor takk til alle løna og uløna medarbeidarar for det de har gjort i 2018 i Lykling.

Gud velsigne dykk og den tenesta de står i.

	2018	2017	2016
Døyppte	19	8	8
Konfirmerte	15	12	13
Kyrkjeleg vigsel	6	3	0
Deltakarar i vigsel	321	178	0
Gravferder	10	8	11
Deltakarar i gravferd	940		
Gudstenester totalt	30	30	31
Deltakarar alle gudst.	2252	2202	2287
Gjennomsnitt i alle gudstenester i soknet	75	73	74
Gudst. søn- og heilagdag	27	27	26
Deltakarar i gudstenester søn- og heilagd.	2033	2079	2014
Gjennomsnitt gudst. søn- og heilagdag	75	77	77
Gudstenester med nattverd	17	18	17
Nattverdsgjester totalt	406	479	388
Gjennomsnitt nattverdsgjester i soknet	24	27	23
Musikkand./konsertar	5	8	8
Frammøte musikkand./konsertar/temakveldar	373	439	459
Innmeld i DNK	0		
Utmeld av DNK	2		
Takkoffer/kollekt	75031	99372	82013
Andre innsamlingar i soknet	12725	14899	16947
Gjevartenesta	3800	3800	3800

Rapport trusopplæring Lykling sokn 2018

Tiltak	Dato	Medlem	Møtte	Ansvarleg
Tru:D Babysong	18 samlingar Det var eit godt oppmøte vårhalvåret. Hausten 2018 var det 2-3 barn med foreldre kvar gong.			Liv Merete
Tru:D1 Myldrekveld	13.11.18 Dette var andre året me hadde Myldrekveld for 1-åringane. Kjekkk samling.	10	5	Liv Merete
Tru:D2 Myldrekveld	Sendte ut invitasjonar til samling i mai, men ingen møtt opp. 04.09. inviterte me igjen. Då kom det 2 stk.	10	2	Liv Merete
Tru:D3 Krøllekveld	12.09.18 Me inviterte til felles samling med Bømlo i Bømlo kyrkje til Krøllekvelden. Dette grunna lite kull i Lykling sokn.	5	2	Marta
Tru:D4 4årsbok	19.10. og 21.10 Fredag 19.10. var alle fireåringane inviterte til Sprell på Finnås bedehus. Lite oppmøte på den samlinga. På gudstenesta der barna fekk bok, var det 100 prosent oppmøte.	8	1 på Førsamling 8 på gudstenesta	Heidi Vold Ådnanes Liv Merete, Anne Grete og Fridleif
Tru:D6 Barnebibel	23.09.18 Barna var med i prosesjon, og fekk stå framme når me song første salmen, ein barnesong. Dette gjekk veldig fint. Veldig godt oppmøte.	10	9	Roald, Liv Merete og Torunn
Tru:D7 Påskedrama	22.03.18 Det var sett opp påskedramagudsteneste denne dagen. Denne gjekk ut grunna arrangement på skulen samtidig. Me hadde i staden påskevandring for 7-åringane. Dette er den same vandringa som me har for barnehagane. Det er dramatisering av heile påskeveka. Barna vart inkluderte i dramaet.	6	5	Liv Merete, Laila, Roald, Heidi V. Ådnanes og Linda M. Helvik
Tru:D8 Aktivitetsdag	02.11.18 I 2018 var Aktivitetsdagen i Bømlo kyrkje saman med Bømlo sokn. Me byter på å ha dette tiltaket anna kvart år i Bømlo og Lykling kyrkje	2	11	Liv Merete, Turid Eidesvik og Anne Åshild Fylkesnes
Tru:D9 Tårnagenthelg	03. og 04.04.18 Det var ei fin Tårnagenthelg. Barna fekk også delta mykje i gudstenesta søndagen.	8	9	Liv Merete, Torunn og Katrine Bjørnevik Roald Drønen

Tru:D10 Jubileum for dåp	03.10.18 Dette tiltaket er lagt opp som ei bursdagsfeiring med pølsefest, gelé til dessert og ulike bursdagsleikar. Temaet er dåpen. Me bruka både forteljinga om Sivsjøunderet, og me snakka om Jesus sin dåp. Me hadde ei fin samling der barna var aktivt deltakande i samtalen.	7	7	Liv Merete og Anne Grete
Tru:D11 LysVaken	Dette tiltaket vart ikkje gjennomført i 2018. 11-åringane var eit lite kull, og utvalet bestemte at me skal invitera dei til LysVaken i 2019 saman med dei som då er 11-åringar.			
Tru:D12 På sporet av Jesus	26.05.18 Dette tiltaket var felles for alle sokna på Bømlø i Bremnes kyrkje. Veldig kjekt opplegg der barna vert kjende med mange personar frå Det nye testamentet. Det er vanskeleg å få 12-åringane til å melde seg på. Dette gjeld frå alle sokn. Me vil i 2019 prøve ut eit anna konsept, og etter kvart prøva å få inn På sporet av Jesus der.	12	1	Frå Lykling: Linda Gunnarsjaa
Tru:D14 Innskriving konf.	06.03.18 Dette er eit informasjonsmøte om konfirmanntida. Påmelding til konfirmasjon vart opna i etterkant av møtet.	17	16	Åse Innvær
Tru:D15 Konfirmasjon		15	15	Åse Innvær og Roald Drønen
Tru:D16 Fjorårskonfirmant	11.04.18 Samling i Bremnes kyrkje saman med Bremnes sokn. Sidan ungdomane frå Lykling går på skule saman med dei frå Bremnes sokn inviterte me dei til felles samling. Det var ikkje så stort oppmøte frå Lykling, men noko av det kan skuldast at dei fekk invitasjon til denne samlinga litt seint, 1-2 dagar før samlinga.	12	12	Frå Lykling: Liv Merete og Roald
Tru:D17 og 18 Londontur	19.-22.06 Fin tur med flotte ungdomar. Det var totalt 27 ungdomar med på turen. Me fekk mange opplevingar saman. Tema var nåde. Noko som var fokus både i morgonsamlingar og musikal. Elles besøkte me fleire kyrkjer, og fekk vera med på både morningprayer og evensong. På Sjømannskyrkja fekk me høyra om	17år: 13 18år: 17 - korleis det er å vera norsk student i London	17år: 3 18 år: 1	Laila, Liv Merete, Roald, Aksel og Asbjørn

